

Radøy Kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger



Søknad om ekstraordinært tilskot for investering av instrument og utstyr.

I sesongen 2019/2020 ynskjer Manger Musikklag å investere i nytt utstyr som er svært etterlengta for musikklaget. Det eine er eit slagverksinstrument, det andre er mutar til tuba. Dette er svært kostbare investeringar for laget, som har ein anstrengt, men kontrollert økonomi.

Manger Musikklag (MML) er eit av dei mest allsidige brassbanda i Noreg. I løpet av ein vanleg sesong har me mellom 15 og 20 konsertar/speleoppdrag der me speler alt frå tradisjonell brassband musikk, underhaldningsmusikk, samtidsmusikk til store konkurranseverk.

Fellesnemnaren for all musikk som har blitt skriva frå slutten av 80-talet og fram til i dag er at bruken av slagverksinstrument har auka drastisk. Frå å kun skriva musikk for skarptromme, stortromme og cymbal, vert dagens musikk ofte skriven for 30-40 forskjellige slagverksinstrument i eit og same stykke. Eksotiske instrument som før kun vart nytta av orkester og profesjonelle ensemble er no i dagleg bruk hos dei fleste amatørkorpsa, og ein byrjar å sjå det same hos skulekorpsa.

Eit instrument som dei siste åra for alvor har blitt eit vanleg syn, er det klokkespel liknande instrument som er kalla Crotales. Dette er eit svært kostbart instrument som det finnes få av i vår region, og MML må leiga instrumentet kvar gong det trengs.



Crotales i bruk under NM Brass 2019 (Foto: NMF)

Ein annan type utstyr som vert meir og meir vanleg er krav til bruk av mute for tuba. I dagens konkurransestykker vert musikken skriven med strenge krav til styrkegradar og stemningar, som ein kun kan oppnå ved å nytta seg av ein egna mute.

På bakgrunn av dette søker Manger Musikklag om 75 000 kr i ekstraordinært tilskot frå Radøy Kommune til å hjelpe å finansiera innkjøp av crotales og mutar.

På neste side er ei oversikt over utstyr MML vil prioritere å kjøpe i 2019/2020.

Vår dato
30.08.2019

Vår referanse
Martin Frantzen

| Innkjøpsplan sesongen 2019/2020 | | Pris |
|---------------------------------|--|-----------------|
| Crotales Zildjian, P0685 | Høg & Låg Oktav, 26 Tonar | 64 360,- |
| Crotalesbag Zildjian, P0638 | 2stk. Transportbag (2425 pr stk) | 4 850,- |
| Mute Tuba Bb | 2stk. Straight/Cup Schlipf Combi (6490 pr stk) | 12 980,- |
| Mute Tuba Eb | 2stk. Straight/Cup Schlipf Combi (5990 pr stk) | 11 980,- |
| Sum | | 94 170,- |

Prisar og bilete er henta frå Musikk-Miljø AS



Kombinert Cup og Straight mute
Til tuba.



Crotales

Med venleg helsing
for Manger Musikklag

Martin Frantzen
Kasserar

Manger Musikklag
Foretaksregister
NO 984 580 045

Postadresse
Pb. 83
5931 Manger

Besøksadresse
Gamleskulen
5936 Manger

Telefon
+47 977 01 342

Internett
www.mangermusikklag.com

Kontonummer: 3636.50.24078